



Generalsponsor:



Hovudsponsor:



Årsmøte 2014



Torsdag 6. februar, Firda vidaregåande skule



Det store arrangementet dette året var «Hujedamej» ein konsert i samarbeid med barneskulane på Nordstranda og Sandane, med musikken frå Astrid Lindgren sitt rikhaldige univers. (Foto: Ivar Rønnekleiv)

www.gloppenjanitsjar.no



Sakliste

1. Opning
2. Konstituering
 - Namneoppop
 - Godkjenning av innkalling
 - Godkjenning av sakliste
 - Val av møteleiar
 - Val av møtesekretær
 - Val av to til å skrive under møteprotokollen saman med møteleiar
3. Årsmelding 2013
4. Rekneskap 2013 med revisjonsmelding
5. Årsmøtesaker
 - 5.1 Korpset si konsertuniform (frå styret)
6. Arbeidsplan 2014
7. Kontingent
8. Budsjett 2014
9. Val
10. Avslutning



Krydder til kvardag og fest...



Olav R. Myklebust, Margunn A. Evebø, Didrik Eide og Ole Henrik Mølmann får tildelt NMF's fortjenestemedalje under konserten «Hujedamej»

Innhold

Årsmelding	5
Kontingent	10
Rekneskap	11
Årsmøtesaker	14
Arbeidsplan	14
Budsjett	11
Val	10
Vedlegg:	
Repertoar 2013	15
Gjeldande vedtekter	16
Referat frå årsmøtet 2013	18

Årsmelding

Årsmelding 2014

Årsmøtet 2013

Årsmøtet 2013 vart halde på Firda vidaregåande skule torsdag 7. februar. Det møtte 26 medlemmer, og etter årsmøtet såg lista over tillitsvalde slik ut:

Styret

Leiar:	Bernt Reed	attval
Nestleiar:	Vigdis Henden	ikkje på val
Kasserar:	Margunn A. Evebø	ikkje på val
Sekretær:	Geir Skagen	attval
Styremedlem:	Hanne Lyngstad	ikkje på val
1. vara.:	Ole Henrik Mølmann	attval
2. vara.:	Linda Pupe Støyva	ny

Musikkutval

Ole Henrik Mølmann, leiar
 Bjørn Inge Solheim
 Olav R. Myklebust
 Dirigent

Sosialkomité

Didrik Eide
 Heidi Fure Klausen
 Elin Nikoline Vie

Valnemnd 2013

Eva Fitje Holme
 Reidun Kjørvik Førde
 Gunnar Eide

Revisorar

Didrik Eide og Heidi Fure Klausen



I oppstarten av årsmøtet 2013 vart kulturprisutdelinga to månader før markert med kake, og dei gode hjelparane som alltid er med når vinstar skal lagast og arrangement avviklast vart også invitert





Ikkje heilt som vanleg på dansegolvet til Selje hotell då janitsjaren hadde øvingshelg i januar.



Siste finpuss og kostymeprøve før dørene opnar for ein utseld Lindgren-konsert.

Årsmelding

Aktivitetar i 2013

- 6. januar Vareteljing hjå Europris, Sandane
- 26. - 27. januar Øvingshelg på Selje hotell
- 7. februar Årsmøte, med kulturprismarkering
- 14. mars Speling på skulekorpsbasar i Hyen
- 20. mars Første ekstraøving med barnekor før konserten «Hujedamej»
- 26. mars Påskebasar i Breim
- Veke 17 Ekstra øvingar før konserten «Hujedamej»
- 28. april «Hujedamej» - musikalske rampestrekar frå Astrid Lindgren sitt univers, med kor og solistar frå Nordstranda skule og Sandane skule og Gloppe kulturskule
- 2. mai Speling i Sandane sentrum i samband med langope
- 5. mai Oppmarsj Breimstafett
- 17. mai Speling på Sandane, Breim og Kandal
- 6. juni Grendekonsert i Myklebustdalen
- 15. juni Sosial samling i Reedfjøra
- 22. august Sesongstart for hausten
- 7. - 8. sept. Øvingshelg på Selje hotell
- 3. oktober Speling i Alf Evebø si gravferd
- 3. november Speling på Breim skulekorps sin basar
- 7. november Innspeling kvalifiseringsstykke NM
- 8. november Speling i storhallen for kulturfjeld i Nordfjord
- 9. november Deltaking på Nordvestmeisterskapen, Skodje
- Sosial samling på stabburet
- 1. desember Førjulstreff i Aulaen
- 15. desember Julekonsert i Breim kyrkje
- 18. desember Julekonsert i Vereide kyrkje
- 24. desember Musikantar frå korpset spelar på ulike julearrangement

Interne markeringar

60 års-jubilant Jenny Hysing, 5. mars, vart markert med blomar.
50 års-jubilant Bernt Reed, 1. mai vart markert med speling og kaker i Nils-tunet på dagen.

Styret sitt arbeid

Styret har hatt fem møte i perioden og handsama 22 saker. Ein del saker er delegert til eigne utval Det har vore vanleg for styret, når det hastar, å sam-



Øvingshelg i Selje.

Sak 3

Årsmelding



Kulturprismarkering før årsmøte opna på årsmøtet i 2013.

last i samband med øvingar for å drøfte aktuelle saker.
Sakene i år har i hovudsak handla om aktivitet og musikalske satsingar.

Året slik det gjekk

Etter ei kjapp runde mellom medlemmane sa vi ja til ein hasteførespurnad om vareteljing på nyopna Europris på Sandane første søndagen i januar. Det gav oss opsjon på to år til, med dei pengane som kunne tenast på arbeidet.

Når det var gjort vart det sett fullt fokus på storsatsinga denne våren, konserten «Hujedamej» med musikk frå Astrid Lindgren sin forteljingar og figurar, i samarbeid med Gloppen kulturskule, Sandane skule og Nordstranda skule. I slutten av januar var det øvingshelg på Selje hotell, eit opphold som fungerte så bra at vi tok det att også til hausten.

Etter ei veke saman med elevane var det 28. april klart for konsert for ein fullsett kultursal. Det gjekk særsla bra og etterpå skriv Firda Tidend under tittelen «Fantastisk reise i Lindgren sitt univers» at «*Gloppen janitsjar og elevane frå 5. klasse på Nordstranda og 4. klasse på Sandane imponerte stort under konserten «Hujedamej» søndag kveld*». Etter konserten var janitsjaren rundt på skulane og overrekte eit bidrag til klassekassene som takk for samarbeidet.

Under Lindgren-konserten vart Olav R. Myklebust, Didrik Eide, Margunn A. Evebø og Ole Henrik Mølmann tildelt NMF:s fortjenestemedalje.

Vårsesongen hadde elles dei faste innslaga med speling på skulekorpsbasaren i Hyen, påskebasaren i Breim, oppmarsj på Breimstafetten, og spelinga 17. mai. Sesongen vart avslutta med grendekonsert i Myklebustdalen, der bygdfolket takka med kaker og kaffi, og heilt til slutt vart det etter ein stemningsfull kveld ved Breimsvatnet, utanfor naustet til leiar Bernt Reed.

Haustsesongen starta 22. august, og med godt oppmøte. Styret hadde før sommaren lagt opp til både Nordvestmeisterskap og NM-kvalifisering, og med mannskapet på plass vart det avgjort at korpset gjekk vidar på dette. Første helga i september vart det ny øvingshelg i Selje.

Korpset deltok i gravferda til æresmedlem Alf Evebø med helsing, bårebukett og musikk, då han gjekk bort i oktober.

I november spelte korpset inn kvalifiseringsstykket for 4. divisjon, og nokre veker seinare vart det klart at kravet er nådd og at korpset stiller i same divisjon for fjerde gong. Same veka deltok korpset på Nordvestmeisterskapen på Skodje og vart nummer to i førstedivisjon janitsjar med 87 poeng.



17. mai i Kandalen.



Sesongen vart avslutta for sommaren med grilling ved naustet til Bernt i Reedfjøra.



Ein pause i øvinga ein fin seinsommar-laurdag i Selje.



Marsjering på Sandane 17. mai

Årsmelding

I november spelte vi også på basaren til Breim skulekorps. Det var førjulstreff første søndag i advent. Så spelte vi jula inn i kyrkjene i Breim og på Vereide.

På vårparten presenterte Geir Skagen ei fotobok som dokumenterer Gloppen janitsjar i kvardag og fest i perioden 2002 til korpet får kulturprisen i desember 2012 som vart gjort tilgjengleg for dei som ville ha den.

Husorkesteret har spelt ved påskebasaren i Breim og førjulstreffet på Sandane.

Instrument

Det vart ikkje kjøpt instrument i året som gjekk, men ein del instrument var sendt til overhaling og reperasjon.

Janitsjaren på nett

På nettsida gloppenjanitsjar.no og på korpset si side på Facebook, held korpset medlemane sine, og andre, oppdatert og informert om aktivitetar og arrangement.

Representasjon i perioden

Margunn Evebø og Bernt Reed representerte på tinget, Bernt leiar valkomiteen i regionen

Medlemmar

Ved utgangen av 2013 har korpset 37 medlemmer innmeldt i NMF. Det reelle medlemstalet ved utgangen av året er 38, sidan sist tilkomne ikkje er meldt inn. Korpset har sju fleire medlemmer ved utgangen av 2013 enn for eitt år sidan.

Fløyte

Kjersti Haavet Bjørnson

Klarinett

Britt Rønneklev Mølmann, Elin Nikoline Vie, Elisabeth Røgeberg, Geir Skagen, Hanne Lyngstad, Martin Lyngstad, Oianne Randi Holme, Solveig Tørudstad

Bassklarinett

Gudmar Eikenes

Saksofon

Didrik Eide, Margunn A. Evebø, Reidun Kjørvik Førde, Roger Andreas Holme

Trompet / kornett

Heidi Fure Klausen, Håvard Nordvik, Janne-Elin Larsen, Per-Helge Evebø, Trond Haugen, Vebjørn Aske



Øvingshelg i Selje i januar.

Sak 3



Ut av bussen og klare for ny marsjering 17. mai.

Årsmelding

Horn

Eva Fitje Holme, Martha Sundal Engeland, Vigdis Henden

Trombone

Bjørn Inge Solheim, Janne Merete Bøyum, Jenny Hysing, Odd Hansen

Baryton

Ingrid Sundal Søreide, Linda Pupe Støyva, Olav R. Myklebust

Tuba

Bernt Reed, Gunnar Eide, Ole Henrik Mølmann

Slagverk

Edvard Røgeberg, Ruben André Kandal Ramslien, Ruben Henriksen Skinlo

Dirigent

John Rune Ødven

Desse er ført inn i 2013:

Kjersti Haavet Bjørnson, Trond Haugen, Vebjørn Aske, Edvard Røgeberg,
Ruben André Kandal Ramslien, Ruben Henriksen Skinlo, Elisabeth Røgeberg

Desse slutta i 2013:

Susanne Gåsemyr

Æresmedlemmer i Gloppen Janitsjar

Alf Evebø, Lars Alander, Odd Hansen, Martin Lyngstad, Nyfrid Eide og Jon G. Eide

Korpset takkar:

Gloppen janitsjar takkar generalsponsor SFE og hovedsponsor Sparebanken Sogn og Fjordane for god støtte. Vi takkar også Sparebankstiftinga for støtte i samband med konserten «Hujedamej» i april.

Korpset takkar også i år vår viktigaste støttekomite, som brukar tysdagskveldar saman med mykje anna ledig tid og legg ned eit stort arbeid gjennom året, særleg opp mot Julebasaren og Påskebasaren.

Takk også til den dyktige dirigenten vår, John-Rune Ødven, for tolmodig arbeid gjennom året.

Sandane 22. januar 2014

Bernt Reed, leiar

Geir Skagen, sekretær

Vigdis Henden, Margunn A. Evebø, Hanne Lyngstad, Ole Henrik Mølmann



Nordvestmesterskapen på Skodje i november vart avslutta på stabburet på Eide.



Ungdommen syns pauser er for pyser og over seg gjennom dei også. Øvingshelg i Selje.



Sak 7

Øvingshelga i september vart lagt to etasjer under den i januar.



Janitsjaren stilte sterkt for å markere at leiaren runda 50 år 1. mai...

Sak 9

Kontingent

Kontingenoten i Gloppen Janitsjar har sidan 2009 vore 500 kroner for vaksne og 250 kroner for skuleelevar. Styret meiner det er på tide å heve kontingenoten og foreslår ein sats på 600 kroner for vaksne og 300 kroner for skuleelevar.

Framlegg til vedtak: Kontingenoten i Gloppen Janitsjar er kroner 600,- for vaksne og kroner 300,- for skuleelevar.

Val

Valnemnda si innstilling

Styret

Leiar:	Bernt Reed	Ikkje på val
Nestleiar:	Vigdis Henden	Attval
Kasserar:	Margunn A. Evebø	Attval
Sekretær:	Geir Skagen	Ikkje på val
Styremedlem ¹ :	Hanne Lyngstad	Attval
1. vara.:	Ole Henrik Mølmann	Attval
2. vara.:	Linda Pupe Støyva	Attval

Musikkutval

Ole Henrik Mølmann, leiar	Attval
Bjørn Inge Solheim	Attval
Olav R. Myklebust	Attval
Dirigent	

Sosialkomité

Didrik Eide	Attval
Heidi Fure Klausen	Attval
Elin Nikoline Vie	Attval

Revisorar

Didrik Eide og Heidi Fure Klausen	Attval
-----------------------------------	--------

Styret si innstilling

Valnemnd 2014

Reidunn Kjørvik Førde	Attval
Gunnar Eide	Attval
Eva Fitje Holme	Attval



Frå øvingshelg i Selje i september.



...jubilanten såg ikkje ut til å vere prega av alderen.

¹⁾ Til vervet som styremedlem
ligg det å vere material-
forvaltar.



*Januar opna med dugnad,
og vi stilte som vareteljarar
på nyopna Europris.
Olav tel kaffi.*

Rekneskap og budsjett

Inntekter		Rekneskap 2013	Rekneskap 2012	Budsjett 2014
3011	Medlkont/Uniform/Instrumentleige	kr 16 950,00	kr 26 150,00	kr 26 000,00
3040	Offentleg speling		kr 11 500,00	kr 5 000,00
3050	Dugnad	kr 15 000,00		kr 15 000,00
3070	Julebasar	kr 45 308,00	kr 45 810,00	kr 48 000,00
3080	Påskebasar	kr 46 905,00	kr 43 131,00	kr 40 000,00
3090	Hovudlotteri	kr 50 000,00	kr 50 000,00	kr 55 000,00
3100	17.mai speling / Buss	kr 14 094,00	kr 18 416,00	kr 17 000,00
3110	Gåver	kr 8 000,00	kr 15 583,00	kr 5 000,00
3120	NMF VO-midlar	kr 8 840,00	kr 17 051,00	kr 10 000,00
3130	Norsk Tipping	kr 8 097,00	kr 6 850,25	kr 8 000,00
3140	Sponsor	kr 35 000,00	kr 35 000,00	kr 30 000,00
3150	Kulturmidlar	kr 10 000,00	kr 20 000,00	kr 10 000,00
3160	Skotårgalla 2012		kr 120 078,00	
3170	MVA komp. 2011/2012	kr 30 744,00		kr 15 000,00
3190	Eigenandel Øvingshelg	kr 300,00	kr 1 465,00	
3200	Nordvest Meisterskapen 2013			kr 25 000,00
3210	NM Janitsjar			kr 70 000,00
3220	Astrid Lindgren	kr 91 510,00		
3230	Sommarnatt ved fjorden			kr 50 000,00
8040	Renteinntekter	kr 1 050,00	kr 805,00	kr 500,00
	Eigenkapital			kr 45 750,00
SUM INNTEKTER		kr 381 798,00	kr 411 839,25	475 250,00



Rekneskap og budsjett

	Utgifter		Rekneskap 2013		Rekneskap 2012		Budsjett 2014
4010	Instrument		kr 22 111,00		kr 16 212,00		kr 43 000,00
4020	Notar		kr 16 663,09		kr 26 436,98		kr 21 000,00
4030	Uniform						kr 5 000,00
5850	Gåver / Blomar		kr 6 094,00		kr 2 344,90		kr 4 500,00
6210	Husleige		kr 35 300,00		kr 17 500,00		kr 17 500,00
6240	Instruksjon		kr 99 180,00		kr 97 160,00		kr 105 000,00
6650	Øvingshelgar		kr 14 472,35		kr 4 295,00		kr 8 000,00
6710	Administrasjon		kr 8 402,00		kr 4 102,50		kr 5 000,00
6720	Hovedlotteri		kr 7 888,00		kr 10 811,00		kr 15 000,00
6730	Påskebasar		kr 16 725,60		kr 14 724,70		kr 15 000,00
6740	Julebasar		kr 17 794,79		kr 17 380,80		kr 18 000,00
6770	17.mai Buss		kr 16 441,00		kr 16 134,00		kr 17 000,00
7030	NordVest-Mesterskap		kr 6 850,00				kr 15 000,00
7040	Korpstur NM		kr 4 750,00		kr 20 112,50		110 000,00
7050	Musikkleir				kr 7 500,00		kr 10 000,00
7060	Astrid Lindgren		kr 66 637,93				
7070	Sommarnatt ved fjorden					kr 50 000,00	
7160	Skotårsgalla 2012				kr 94 636,86		
7410	NMF Kontingent		kr 9 175,00		kr 9 175,00		kr 10 000,00
7510	Forsikring		kr 4 665,00		kr 4 776,00		kr 5 000,00
7720	Årsmøte / Leiarsamling NMF		kr 1 231,20				kr 1 000,00
7790	Diverse		kr 4 515,94		kr 9 524,00		
8190	Finanskostnader		kr 230,00		kr 241,00		kr 250,00
SUM UTGIFTER			kr 359 126,90		kr 373 067,24		kr 475 250,00



Nye notar skal prøvast ut under øvingshelga i Selje (september).



Gruppeøving for bassklarinettisten.

Rekneskap og budsjett

ÅRSAVSLUTNING 2013

Inntekter	Utgifter	Overskot
kr 381 798,00	kr 359 126,90	kr 22 671,10

Bank 01.01.2013	kr 173 538,40
Overskot 2013	kr 22 571,10
Bank 31.12.2013	kr 196 109,50

Gloppen Janitsjar, Sandane 02. januar 2014, Margunn Evebø, kasserar

Nokre rekneskapstal	Inntekt	Utgift	Netto
Astrid Lindgren, Hujedamej	kr 91 510,00	kr 66 637,93	kr 24 872,07
Påskebasar	kr 46 905,00	kr 16 725,60	kr 30 179,40
Hovedlotteri	kr 50 000,00	kr 7 888,00	kr 42 112,00
Julebasar	kr 45 308,00	kr 17 794,79	kr 27 513,21

Kommentarar til tala:

- Ikkje motteke rekning for buss julaftan 2013
- MVA-kompensasjon for 2012 vart ikkje utbetalt før i januar 2013 og utgjorde kr 12.677. For 2013 kr 18.067
- Norsk Tipping rest 2012 utbetalt i jan 2013 utgjer kr 2.859,90. Utbetalt for 2013 kr 5.237,10 (rest 2.958,90 blir ført 2014)
- Annonse for speling julafta gjeld 2012. Vi har ikkje motteke rekning for 2013
- Husleige for 2012 betalt i 2013 kr 18.600.
- Husleige for 2013 kr 16.700
- Hovedlotteriet: her manglar rekning frå Skinlo & Co kr 1.000 og kr 400 som vi betalte for varer på Rema 1000 er ført under førjulstreffet
- Uteståande kontingent for 2013/14 kr 11.650



Revisjonen er som alltid gjort med eit skikkeleg og grundig blikk for detaljar.

REVISJONSmelding

Rekneskapen er revidert og funnen rett i følge bilag

Sandane, 8. januar 2014, Heidi Fure Klausen (sign), Didrik Eide (sign)



Metervis med hyller vart talde på Europris for å bidra til korpsøkonomien.



I mars var det tid for første øving i kultursalen med barneskuleelevene før «Hujedamej» i april.



14

Sak 5

Sak 5.1



Tredjeklarinettane pustar ut.



Trombonene har gruppeøving med utsikt.

Årsmøtesaker

Korpset sitt konsertanttrekk (Sak frå styret)

Gloppen janitsjar har sidan starten i hovedsak brukt kvit skjorte, svart sløyfe, og elles svart som konsertanttrekk. Dei siste åra har det stadig vore drøfta om korpset skal skifte til svart eller mørkt konsertanttrekk. Bortsett frå tradisjonen meiner styret det kan ha sine føremoner å gå skifte til mørkt antrekk.

Framlegg til vedtak: Gloppen janitsjar sin konsertuniform er svarte pene klede.

Arbeidsplan

2014 Vår

Øvingsdag 1.mars
Skulekorpsbasar i Hyen 6.mars
NM i Trondheim 3.-7.april
Påskebasar i Breim 15.april
Breimsstafett 4.mai

17.mai
Øving til sommarnatt fredag 30. og laurdag 31. mai
Sommarnatt ved fjorden 1.juni

Haust

Øvingshelg i september
Nordvest-meisterskap 25. oktober
Førjulstreff i Aulaen 30.november
Julekonsertar

2015 Vår

Samarbeidsprosjekt med skulekorpsa i kommunen ?
Skulekorpsbasar i Hyen
Påskebasar i Breim
Breimsstafett

17.mai
Sommarnatt ved fjorden 7.juni

Haust


Øvingshelg i september
Nordvest-meisterskap 31. oktober
Førjulstreff i Aulaen
Julekonsertar

2016 Vår

Skotårs galla ?

2017 Vår

NM ?



Fiskelukke på sommaravslutninga i Reedfjøra.

Vedlegg 1

Repertoar 2013



Øving til Hujedamej.

«Hujedamej»

Här kommer Pippi Langstrump
Sommarsången - Och nu så vill jag
sjunga att sommaren är min
Sjörövar-Fabbe
Världens bästa Karlsson
Pilutta-Visan
Tänk jag drömde i natt (Kattvisan)
Vad det är bra
Falukorvvisan
Idas sommarvisa
Lille katt
Bom-sicka-bom
Hujedamej
Du käre lille snickerbo'
En till som jag
Vargsången

Marsjsesongen

Norge I rødt, hvitt og blått
Gammel Jegermarsj
Under The Double Eagle
Fallskjärmjegermarsch
General Cederschiöld
Holmenkollmarsjen
Norsk turnermarsj
Den Norske Løve
Nasjonalheftet
Fagert er landet
Nordfjordsongen

Nordvestmeisterskap

Csardas
Puszta

Julekonsertane

Ding dong, merrily on high
Julepastorale
Pie Jesu
Schaffs mit mir, Gott
Yuletide Lullaby
Å, kom no med lovsang

Resten

Bryllupsdag på Trollhaugen
Celebration
Fortis et Libris
Spirande liv
Theme from Poirot
Tellusmarsch
(Kungl. Göta Tränreg.'s marsch)
Våren



Øvingshelg med alle involverte før Astrid Lindgren-konserten.



Saksrekka på øvingshelg i januar.

Vedtekter for Gloppen janitsjar

§1 ORGANISASJON

Gloppen Janitsjar, skipa 4. september 1986, er tilslutta Norges Musikkorps Forbund gjennom NMF region Nordvest. Gloppen Janitsjar er ei samanslåing av Sandane Hornmusikk skipa 2. november 1892, og Breim Hornmusikk skipa 22. september 1945.

§2 FORMÅL

2.1 Musikk

Ta vare på og utvikle korpsmusikk gjennom opplæring, motiverande aktivitetar og organisering. Drive tilleggsaktivitetar som ensemblespel, storband og liknande når det er interesse for det.

2.2 Sosial aktivitet

Ta vare på og utvikle korps- og organisasjonsarbeid som aktivitet.

2.3 Informasjon

Informere utad om korpset og Norges Musikkorps Forbund sine aktivitetar, fremme forståing for korpsa sine kulturelle, sosiale og oppdragande verdi.

2.4 Musikkpolitikk

Ta våre på korpset sine interesser i det lokale musikk- og kulturliv. Følgje opp dei overordna musikkpolitiske retningslinene som NMF set opp.

2.5 Arrangement

Gje musikkarar, dirigentar og tillitsvalde tilbod om kurs. Arrangere og delta på konserter, stemne/festivalar, konkurransar og andre arrangement.

2.6 Utviklingsarbeid

Utvikle og betre musikkfagleg og organisasjonsfagleg opplæring i samarbeid med skuleverket, kulturskulen, NMF og andre organisasjoner.

Ta initiativ til nødvendig organisasjonsmessig utvikling, omstilling og samarbeid med andre korps og musikklivet elles.

§3 MEDLEMSKAP

3.1 Opptak av medlemmar

Aktive amatørmusikkarar og ikkje utøvande personar kan takast opp som medlemmar. Dette skjer gjennom korpsstyret.

3.2 Organisering av korpset

Korpset følgjer forbundet sine gjeldande aldersgrenser.

Utøvande medlemmar frå skulekorps kan takast opp som aspirant frå 1. august det året han/ho fyller 15 år. Medlemsplikter i aspiranttida skal oppfyllast i høve til skulekorpset.

Medlemmar kan takast opp frå 1. august det året dei fyller 16 år.

Nye medlemmer vert automatisk ført inn som medlem i NMF. Dette skal gjerast ved å bruke gjeldande NMF-skjema for medlemsskap, og vert lagt inn i NMF sin medlemsbase. Er det endringar i dei registrerte opplysingane pliktar kvar einskild medlem å orientere styret om dette snarast. Det er ikkje høve til å reservere seg mot registrering.

Styremedlemer må vere medlem i NMF. Faste dirigentar og faste instruktørar skal registrerast i NMF sin database. Tvistar i samband med dette vert avgjort av regionstyret.

3.3 Føresetnader for medlemskap

- Korpsmedlemmane må halde korpset NMF sine vedtekter, reglar og lovlege vedtak.
- Medlemmene skal møte på øvingar, konserter og andre oppdrag til avtala tid. Dersom eit medlem ikkje kan møte skal leiar/dirigent varslast så tidleg som råd.
- Instrument, uniform og utstyr skal haldast i god stand. Uforsiktig behandling kan medføre økonomisk ansvar.
- Deltaking i andre korps eller bruk av korpset sine eigedalar i andre musikkaktivitetar må godkjennast av styret.

3.4 Kontingent og rapportering

Korpsåret følgjer kalenderåret. Medlemsregistrering, innrapportering til NMF og kontingentbetaling skal sendast NMF på avtala skjema/medium til gjeldande fristar. Det er ikkje høve til å reservere seg mot registrering. Korpset skal betale kontingen til NMF innan 1. februar etter tal registrerte medlemar pr. 31. desember.

3.5 Permisjon

Styret kan gje medlemmer som søker om det permisjon frå speling i korpset i inntil eitt år. I permisjon har medlemmet likevel dei plikter og rettar som ordinær medlem.

3.6 Utmelding

Medlemmar som ynskjer å melde seg ut, må gje melding om dette til leiinga i korpset. Ved utmelding skal det samstundes skje utmelding frå NMF. Utmelding bør ikkje skje i løpet av korpsåret.

3.7 Suspensjon og eksklusjon

- Medlemmar som ikkje rettar seg etter gyldige vedtekter, reglar og vedtak, eller er til skade for korpset sin aktivitet, kan styre suspendere for eit bestemt tidsrom. I grovere tilfelle kan årsmøtet vedta eksklusjon.

b) Vedtak om suspensjon og eksklusjon kan ankast inn for regionstyret.

§4 ÅRSMØTE

4.1 Status

Årsmøtet er Gloppen Janitsjar si høgaste myndighet.

4.2 Årsmøteperiode, innkalling og saker til årsmøtet

- Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan utgangen av februar.
- Det skal kallast inn til ekstraordinært årsmøte dersom styret
- eller 1/3 av medlemmane krev det.
- Innkalling skal sendast ut minimum to veker før ordinært årsmøte, og ei veke før ekstraordinært årsmøte.
- Årsmelding, revidert rekneskap, valkomiteen si innstilling og andre saker til behandling på årsmøtet skal sendast ut seinast ei veke før årsmøtet.
- Medlemmar må fremme saker til årsmøtet gjennom styret. Slike saker må vere kome til styret seinast ei veke før årsmøtet skal haldast. Styret pliktar å legge saker som kjem inn i rett tid fram for årsmøtet.

4.3 Representasjon, rettar og voteringer

- På årsmøtet deltek korpset sine medlemar og gjester invitert av styret.
- Desse har stemmerett:
Utvande medlemmar som oppfyller sine medlemsplikter. Styremedlemmer i alle saker, unntake ved handsaming av årsmelding og rekneskap.
- Representantar for NMF har talerett. Årsmøtet kan gje talerett til den det matte ynskje.
- Gyldig vedtak krev absolutt fleirtal (over halvparten av dei avgjevne stemmene) dersom noko anna ikkje er bestemt i vedtekten.
- Årsmøtet er vedtaksført når minst halvparten av medlemane er til stades.

4.4 Årsmøtet sin dagsorden

Årsmøtet skal behandle følgjande saker:

- 1) Konstituering
 - Opning
 - Namneopprop

Vedtekter Gloppen janitsjar

- c) Godkjenning av innkalling
 - d) Godkjenning av dagsorden/sakliste
 - e) Val av møteleiar
 - f) Val av årsmøtereferent
 - g) Val av to til å skrive under protokollen
- 2) Godkjenning av årsmelding
- 3) Godkjenning av avslutta og revidert rekneskap med revisjonen sin merknad.
- 5) Saker framsett av styret
- 6) Saker framsett av medlemmar
- 7) Kontingent
- 8) Budsjett
- 9) Val av styre som består av:
 - Leiari
 - Nestleiar - Kasserar - Sekretær
 - Styremedlem
 - 1 og 2. varamedlemAlle, med unnatak av varamedlemane, vert valde for to år, men likevel slik at to eller tre vert valde kvart år.
- 10) Val av to revisorar for eitt år.
- 11) Val av tre medlemmar til valkomite for eitt år.
- 12) Val av utsendingar til NMF avd. Sogn og Fjordane sitt 2-årige årsmøte
- 13) Val av musikkutval
- 14) Val av sosialkomite
- Valbare til verv er dei frammøtte representantane eller andre medlemar som har sagt seg villig til å motta verv. Dei som skal veljast må ha gyldig medlemskap. Vala skal skje skriftleg dersom nokon krev det.

§5 STYRET

5.1 Samansetning

Styret bestar av: Leiari, nestleiar, kasserar, sekretær, styremedlem og varamedlemar.

5.2 Fullmakter

- a) Styret leiari korpsset etter dei vedtak årsmøtet har gjort. Leiaren eller den styret gjev fullmakt teiknar korpsset.
- b) Styret har fullmakt til å oppnemne dei utval og komitear det finn trong for.

- c) Styret har fullmakt til å revidere og utforme dei reglar og instruksar det er behov for i tilknyting til desse vedtekten og for å presisere og regulere korpsset sitt ansvar og aktivitetar.

5.3 Innkalling til styremøte - vedtak

- a) Styret vert innkalla når leiaren eller tre styremedlemmar krev det
- b) Styret er vedtaksført når minst 3 medlemmar er til stades.
- c) Styrevedtak skal protokollførast og korpsmedlemmane skal gjerast kjent med dei vedtak som er gjort.

5.4 Avslutning

Styret skal utarbeide årsmelding og avslutte rekneskapen for kvar årsmøteperiode. Årsmelding og revidert rekneskap skal leggjast fram for årsmøtet til godkjenning.

5.5 Personalansvar

Styret føretekk engasjement, tilsetjing, oppseiiing og gjev avskjed og har fullmakt til å inngå løns- og arbeidsavtaler. Styret er ansvarleg for å innhente politiattest for på dei som har tillits- eller ansvarstilhøve overfor mindreårige eller utviklingshemma. Styreleiar utøver dagleg personalansvar.

5.6 Beredskapsplan for korps

Styret pliktar å forholde seg til beredskapsplan for korps når korpsset er på tur og deltek på arrangement.

§6 MEDLEMSMØTE

Medlemsmøtet er forum for informasjon og drøftingar og løysing av konfliktar for korpsset sine medlemmar. Det skal haldast medlemsmøte når styret eller korpsset sine øvrige medlemmar ber om det.

§7 KOMITEAR

7.1 Revisjon

Revisjonen skal gjennomgå rekneskapen for kvart år og legge fram revisjonsmelding for årsmøtet.

7.2 Valkomiteen:

Valkomiteen skal finne fram til valbare kandidatar til dei ulike tillitsverv slik det går fram av paragraf 4.4, og legge komiteen si innstilling fram for årsmøtet.

§8 OPPLØYSING OG UTMELDING AV NMF

8.1 Oppløysing

Oppløysing av korpsset kan berre gjerast av to påkvarandre følgjande ordinære årsmøte. Vedtaka krev 2/3 fleirtal i eit lovleg sett årsmøte.

8.2 Korpsset sin midlar og aktiva

I tilfelle oppløysing, skal korpsset sine midlar plasserast i bank på sperra renteberande konto som vert disponert av NMF avdeling Nordvest, kulturutvalet eller kulturskulen i kommunen til nytt korps er oppretta, og som då overtek midlane. Korpsset sine øvrige aktiva skal opp-bevarast på forsvarleg måte og disponerast på same måte som nemnd i første setning. Denne bestemmelsen gjeld ikkje ved samanslåing av korps.

8.3 Overføring av midlar og aktiva

Det siste ordinære årsmøtet kan bestemme at korpsset sine midlar og eigedom skal overførast til eit anna korps, musikkule eller til musikkføremål i grunnskulen dersom nytt korps ikkje reorganiserast innan tre år.

8.4 Utmelding av NMF

Ved utmelding av forbund må det gjerast vedtak på to påfølgjande årsmøte med minst ein månads mellomrom. Gyldig vedtak krev minst 2/3 fleirtal. Utmelding må skje innan 15.november for at den skal gjelde frå 1.januar neste år. Ved utmelding vert all rett til NMF sine verdiar, tapt.

§9 VEDTEKTSENDRINGAR

Årsmøtet kan endre desse vedtekten med 2/3 fleirtal.

Er det usemje om korleis vedtekten skal forståast skal usemja leggast fram for regionstyret med forbundsstyret som ankeinstans.

Ikrafttreding:

Desse vedtekten gjeld frå 6. april 1991, dei er revidert i april 1995 og 2007, og sist endra på årsmøtet 1. februar 2012.



Vedlegg 3

i Gloppe Janitsjar torsdag 7. februar 2013

kl 1915 på Firda vidaregåande skule

Før årsmøtet vart sett markerte korpsset og den aktive støttegruppa vår at vi fekk Gloppe kommune sin kulturpris 2012 med kake.

Til stades:

Britt Rønneklev Mølmann, Gudmar Eikenes, Ole Henrik Mølmann, Elin Nikoline Vie, John Rune Ødven, Solveig Tørudstad, Bjørn Inge Solheim, Geir Skagen, Martha Sundal Engeland, Vigdis Henden, Roger Andreas Holme, Hanne Lyngstad, Margunn A. Evebø, Odd Hansen, Heidi Fure Klausen, Eva Fitje Holme, Jon G. Eide, Martin Lyngstad, Linda Pupe Støyva, Olav R. Myklebust, Reidun Kjørvik Førde, Ingrid Sundal Søreide, Bernt Reed, Janne Merete Bøyum, Oianne Randi Holme, Jenny Hysing

Det er 26 medlemmar til stades ved starten av årsmøtet.

Sak 1: Konstituering

Godkjenning av innkalling og sakliste

Dato for årsmøtet var kunngjort på øving i korpsset 10. januar, og gjort offentleg kjent på korpsset sine nettsider 14. januar. Sakliste og årsmøtepapir var sendt ut gjort tilgjengeleg for medlemmane på epost mandag 1. februar.

Vedtak: Innkalling og sakliste er godkjent.

Val av møteleiar

Bernt Reed vart foreslått som møteleiar. Det kom ingen andre framlegg.

Vedtak: Bernt Reed er møteleiar

Val av møtesekretær

Geir Skagen vart foreslått som møtereferent. Det kom ingen andre framlegg.

Vedtak: Geir Skagen er møtereferent

Val av to personar til å skrive under møteprotokollen saman med møteleiar

Det vart gjort framlegg om at Janne Merete Bøyum og Oianne Randi Holme signerte møteprotokollen saman med leiar. Det kom ingen andre framlegg.

Vedtak: Janne Merete Bøyum og Oianne R. Holme signerer protokollen saman med leiar.

Sak 2: Årsmelding

I 2012 var Skotårsgalla 3. mars hovudarrangementet for året. Elles var det mykje lokal speling, med heile 15 speledagar ulike stadar i kommunen. Årsmeldinga vart gjennomgått side for side og det kom ingen endringar.

Vedtak: Årsmeldinga for sesongen 2012 er godkjent.

Referat frå årsmøtet 2013

1

Sak 3: Rekneskap med revisjonsmelding

Rekneskapen vart lagt fram med eit overskot på kr 38 772,01 kroner. Revisorane har gått gjennom rekneskapen og har ingen merknadar. Kasserar Margunn A. Evebø orienterte om dei ulike punkta i rekneskapen og svarte på spørsmål. Det kom ingen kommentarar til rekneskapen.

Vedtak: Rekneskap for 2012 er godkjent utan merknad.

Sak 4: Innkomne saker

Det var ingen innkomne saker til dette årsmøtet.

Sak 5: Arbeidsplan

Styret og musikkutvalet har sett opp eit framlegg til arbeidsplan for 2013 og 2014. Astrid Lindgren-konsert og Sommarnatt ved fjorden vert dei store arrangementa på våren, mens det foreslått deltaking på Sogn og Fjordane-meisterskapen i Førde 9. november. I 2014 er foreslått deltaking i NM for janitsjar i Trondheim først i april og ein ny Sommarnatt ved fjorden som avslutning av vårsesongen..

Det var ei kort drøfting av framlegget. Framlegget er retningsgjevande, og det vart påpekt at den til ei kvar tid vurderast opp mot korpsset sin mannskapssituasjon.

Vedtak: Arbeidsplanen er godkjent.

Sak 6: Kontingent

Kontingenoten i Gloppe Janitsjar vart heva til 500 kroner for vaksne og 250 kroner for skuleelevar i 2009, og styret foreslo å halde fast på dette.

I tillegg til kontingenot har korpsset leige av uniform på 150 kroner og leige av instrument på 400 kroner. Det var spørsmål om ikkje leige av uniform var ein del av kontingenoten sidan alle medlemmer må ha uniform, noko det ikkje var noko opplagt svar på. Styret vart bedt om å sjå på samansettninga av kontingenoten og andre avgifter til neste årsmøte.

Vedtak: Kontingenoten i Gloppe Janitsjar vert kroner 500,- for vaksne og kroner 250,- for skuleelevar. Styret vurderer ei sak om samansettninga korpsavgiftene til neste årsmøte.

Sak 7: Budsjett

Styret presenterte eit budsjett for komande sesong som er balansert på 457 250,- kroner. Budsjettet reknar moderate overskot frå dei to konsernane våre, og det vanlege frå faste økonomitiltak. På utgiftssida er sett av noko pengar til deltaking på Sogn og Fjordane meisterskap i november. Det var ingen framlegg til endringar av framlagt budsjett.

Vedtak: Budsjettet for 2013 vart godkjent med endringar, og balanserer no på 457 250,- kroner.

Sak 8: Val

I styret står leiar Bernt Reed og sekretær Geir Skagen på val i år. Begge har sagt ja til valnemnda for ei periode til. Det same har 1. vara Ole Henrik Mølmann, medan ny 2. vara er forslått Linda Pupe Støyva. Det er ikkje endringar i utval og revisorval.

Valnemnda ved Ingrid Sundal Søreide presenterte dette framlegget til styre og utval:

Styret

Leiar: Bernt Reed

Attval

Nestleiar: Vigdis Henden

Kasserar: Margunn A. Evebø

Sekretær: Geir Skagen

Attval

Styremedlem 1: Hanne Lyngstad

Attval

1. vara.: Ole Henrik Mølmann

Attval

2. vara.: Linda Pupe Støyva

Ny

Musikkutval

Ole Henrik Mølmann, leiar

Attval

Bjørn Inge Solheim

Attval

Olav R. Myklebust

Attval

Dirigent

Sosialkomité

Didrik Eide

Attval

Heidi Fure Klausen

Attval

Elin Nikoline Vie

Attval

Revisorar

Didrik Eide og Heidi Fure Klausen Attval

Det var ikkje andre framlegg til val enn innstillinga fra valnemnda.

Vedtak: Valnemnda sitt framlegg til nye styremedlemmer og utvalmedlemmer er godkjent ved akklamasjon.

Styret la fram framlegg til valnemnd slik:

Valnemnd 2014

Reidun Kjørvik Førde

Attval

Gunnar Eide

Attval

Eva Fitje Holme

Attval

Det kom ikkje andre framlegg enn innstillinga til valnemnd.

Vedtak: Styret sitt framlegg til valnemnd er godkjent ved akklamasjon.

Sandane 9. februar 2013

Geir Skagen

referent

Janne Merete Bøyum (sign), Oianne R. Holme (sign), Bernt Reed (sign)